



Anna K. og Jakob Valle
Spjotøy

Kopi til
Atle Ove Martinussen, Norsk handverksutvikling (NHU),
Arild Sætre, Kulturverntenesta for Nordhordland

POTETKJELLAR PÅ SPJOTØY. KORT RAPPORT FRÅ SYNFARING

Takk for hyggeleg møte hjå dykk den 04.03.07! Etter dette har eg ei betre forståing av kva eit mogleg istandsetjingstiltak vil gå ut på.

Slik me i fellesskap slo fast, er det den ytre muren som er skadd. Det indre murverket ser ut til å vera i god stand. Potetkjellaren ligg sentralt og godt synleg plassert ved inngangen/innkøyringa til tunet, om lag 50 meter ifrå gardshuset, oppe på ein liten haug. Han ligg der mesta som ein ”portvaktar” og eg er einig med dykk i at det hadde vore særdeles viktig og kjekt å få han godt istandsett.

Kjellaren har ei rektangulær grunnform. Me vurderte dimensjonane grovt og kom til at han er ca. 5 meter lang og 2 meter brei innvendes, og ca. 9 meter lang og 6 meter brei utvendes. Høgda frå fundamentet og opp til toppen av den ytre muren er ein god meter.

Mellom det indre og det ytre murverket er det truleg lagt jord til isolasjon. Det er grunn til å rekna med at ei hovudårsak til skaden er frost sprenging ved at jorda har trekt til seg vatn. Viss eg hugsar rett, har det sume plassar laga seg til tendensar til søkk der jordtaket møter den ytre muren, og til meir overflatevatnet får samla seg opp, til verre vert det.

Tiltak

Eg trur det ligg an til at store delar av den ytre muren må takast ned og murast oppatt. Kor mykje som må rivast, vert alltid ei konkret vurdering når ein får sett nøgnare etter korleis det står til. Til dømes kan det også vera svikt i fundamenteringa her og der.

Oppattmuringa må sjølvsagt utførast slik at muren får mest mogleg same preget som i dag.

Det bør vurderast om det skal fyllast tilbake jord imellom indre og ytre mur. Det ville vel vera det rettaste å gjera det, for at jordkjellaren skal få att dei same eigenskapane og faktisk kunna nyttast til lagring av mat. Eg tenkjer at me må sjå særleg nøye på overgangen frå taket til sidemuren. Det er mogleg ein kan prøva å leggja nokre heller

over bakfyllet til ytremuren for å minka vassiget ned imellom. Det er også mogleg at ein eit stykke på veg kan unngå at vatnet samlar seg opp og finn seg veg ned i mellom vangane berre ved å forma jordtaket og torvlaget i overgangen slik at overflatevatnet får renna fritt ut over.

Kostnader

Det er vanskeleg å vurdera kostnadene ved eit slikt tiltak på førehand. Arbeidsmengda vert tida og ofte anten mindre eller (helst) større enn det ein trur. Derfor skal eg berre gje eit mogleg riss nedanfor.

Timeutgang:	Pris per time:	Sum, kr.:
To peronar i 2 veker, timer:	150	250
To personar i 3 veker, timer:	225	250

Med dette prøver eg å gje eit bilde av eit mogleg arbeidsomfang. I arbeidet vil liggja tilrigging, fjerning av jord og torv, riving og sortering av stein, mogleg refundamentering og oppattmuring. Dertil må ein rekna noko arbeid med å leggja tilbake og jamna til torvlaget oppå, rydding etc. Eg trur mest på at arbeidet vil kunna ta tre veker, ja kanskje meir òg, avhengig av korleis tilstanden er etter nærmare ettersyn. Ein kostnad for arbeidet (som utan tvil vil vera den største posten) på kring 60.000 vil ikkje vera heilt urealistisk.

Eg har her ikkje rekna noko for kostnad med å skaffa supplerande stein, evt. pukk og transport. I ein søknad om tilskot må ein ta med ein slik post også.

Viss ein søker midlar frå Norsk kulturminnefond, skal ein vera merksam på at dei godskriv eigeninnsats/dugnadsarbeid med kr. 200 per time. Så vidt eg forstod, let det seg kanskje gjera å få i stand noko slik innsats.

Dersom NHU skal ha leiinga i dette tiltaket, vil det måtta organiserast som eit opplæringsprosjekt, og dermed vil ikkje evt. vederlag til NHU verta pålagt meirverdiavgift. Opplæring kan organiserast på ulike vis: det kan leggjast opp til kurs for tiltakshavar og andre interesserte, t.d. andre brukarar som planlegg tiltak med SMIL-midlar eller liknande, og ein kan om mogleg dra inn skuleelevar og andre næmingar. Det å ha med personar til opplæring stiller krav om oppfylging av desse, men er ein heldig med deltakarane, kan dei også gje rimeleg bra tilskot til arbeidet.

Potekjellaren som kulturminne

Eg reknar dei mange potekjellarane i vår region som viktige kulturminne. Heilt opp til vår tid har sume av dei vorte brukte, og er så vanlege innslag på gardane, at me er vortne ”blinde” for dei. Dei er ikkje vortne påvørde på same måte som andre bygningar og anlegg i kulturlandskapet vårt. Det er ikkje så mange av desse kjellarane som er vølte i seinare tid, eg veit ikkje om nokon. Derfor er det eit føregangstiltak de har sett dykk føre. Eg skal nemna at det vert arbeidd med å setja i gang eit potekjellarprosjekt som har som mål å skaffa oversikt og kjellarane, skaffa fram og fremja kunnskap om dei og å gjera oss betre i stand til å ta vare på slike bygningar. Eitt av måla er å reisa ein ny potekjellar frå grunnen av.

Eg gjer merksam på at arbeid med planlegging og evt. førebuing av tiltaket dykker vil verta fakturert av NHU.

Frekhaug 30.03.07

Med venleg helsing

Haakon Aase